

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 23.02.18
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Jan Håvard Frøyland

SAKA GJELD: Økonomisk resultat 2017

STYRESAK: 10/18

STYREMØTE: 07.03.18

Administrerende direktør si orientering notat 5

Føretaket har eit driftsresultat på 5,2 millionar kroner av ei totalomsetning på 3.342 millionar kroner for 2017. Resultat etter finans viser eit overskot på 8,9 millionar kroner og eit underskot i forhold til resultatkrav frå eigar på 31,1 millionar kroner. Det er føreteke nedskrivningar på 16,3 millionar kroner. I hovudsak gjeld dette bygg som skal rivast i forbindelse med nytt sjukehusbygg i Haugesund. Desse nedskrivningane påverkar ikkje investeringsevna til føretaket.

I 2017 har det vore ein høg vekst i legemiddelkostnadane utan tilsvarande auke i finansieringa. Det har vore ei endring i pasientbehandlinga frå inneliggjande til poliklinikk. Dette har gitt lågare DRG-aktivitet innan somatikk og har medført at desse inntektene blei lågare enn budsjettert. Samtidig har personalkostnadane auka. Samla sett har dette medverka til at resultatkravet i 2017 ikkje blei nådd.

Rekneskapen er førebels ikkje ferdig revidert.